

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 3/2023

2023/EØS/75/03

av 3. februar 2023

om endring av vedlegg I til EØS-avtala (Veterinære og plantesanitære tilhøve)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåttane:

- 1) Kommisjonenens gjennomføringsdirektiv (EU) 2022/905 av 9. juni 2022 om endring av direktiv 2003/90/EF og 2003/91/EF med omsyn til protokollane for gransking av visse sortar av jordbruksvekstar og grønsaker⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Denne avgjerda gjeld føresegner om plantesanitære tilhøve. Føresegner om plantesanitære tilhøve skal ikkje gjelde for Liechtenstein så lenge avtala mellom Det europeiske fellesskapet og Det sveitsiske eidssambandet om handel med landbruksprodukt er utvida til å omfatte Liechtenstein, som nemnd i tilpassing etter sektor i vedlegg I til EØS-avtala. Denne avgjerda skal difor ikkje gjelde for Liechtenstein.
- 3) Vedlegg I til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg I kapittel III del 1 nr. 14 (kommisjonsdirektiv 2003/90/EF) og 15 (kommisjonsdirektiv 2003/91/EF) skal nytt strekpunkt lyde:

”– **32022 L 0905**: Kommisjonenens gjennomføringsdirektiv (EU) 2022/905 av 9. juni 2022 (EUT L 157 av 10.6.2022, s. 1).”

Artikkel 2

Teksta til gjennomføringsdirektiv (EU) 2022/905 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 4. februar 2023, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*).

⁽¹⁾ TEU L 157 av 10.6.2022, s. 1.

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel 3. februar 2023.

For EØS-komiteen

Nicolas von Lingen

Formann